

## 3. Årsmelding 2011 – samandrag:

Administrasjonen forsøker å lage ei kopling mellom dei forskjellige fasane i årshjulet og «4-års-hjulet». Årsmelding for 2011 vart ikkje ein del av dette, men det bør rettast på ved neste årsmelding. Inntil dette er komme på plass må vi lage eit utplukk av det som vart nemnd frå avdelingane. Utplukket er ikkje utfyllande og det vil bli laga ein del lenkar mot dei einskilde avdelingane sine årsmeldingar.

### Administrasjon:

00	Felles- og ekstraordinært
10	Politiske organ og rådmannen
11	Kommunehuset
20	Sekretariatet
21	Løns- og personalavdelinga
22	Økonomiavdelinga
23	IKT – Gol – sjå interkommunal IKT
25	Kommuneplanleggar – <i>ikkje tilsett pr. 31.12.2011</i>

### Kommentar:

*Det kan virke noko uheldig at politiske organ og rådmannen er ført opp som eigen avdeling. Kan hende politiske organ og stilling som avdelingsleiar for sekretariat er meir rett!  
Kommuneplanleggar kan vurderast flytta til utbygging.*

#### a) Personalavdelinga skal:

- Utarbeide ein strategisk kompetanseplan i 2012
- Innføre rekrutteringsmodul i Visma-systemet – meir effektive tilsettingar
- Ha gjort klart kvalitetssystemet

### Undervisning:

25	Skulefagleg rådgjevar
26	Fellesutgifter i grunnskulen
27	Gol skule og SFO
28	Herad skule
29	Gol ungdomsskule
30	Læringscenteret Gol vaksenopplæringa

### Kommentar:

*Skulefagleg rådgjevar høyrar organisatorisk til rådmannen sin stab  
Vurdere introduksjonsprogrammet overført til Sosialkontoret (NAV)*

#### a) Gol skule og SFO:

- Følgje opp rapport frå Arbeidstilsynet. Arbeidet blir gjort i samarbeid med GBKF
- Utvikle kvalitetsportalen for å skape ei god plattform for felles rutinebeskriving for alle tilsette
- «Felles løft for tidleg innsats» - regional satsing
- Vidareføre matematikksatsing
- Vidareføre Trivselleiar-programmet – delta på «Barnas verdensdag»
- Vidareføre «Korps i skulen»

#### b) Herad skule:

## Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

---

- a. Gje leksehjelp til 1 – 4 klasse to dagar i veka
  - b. Etablere tverrfagleg forum ei gong i månaden med representantar for barnevern, PPT, helsestasjon og psykisk helsevern
  - c. Halde fram med ekstra fysisk aktivitet på mellomtrinnet
  - d. Vidareføre SOL «Systematisk Observasjon av Lesing»
  - e. Kurse og sertifisere to lærarar – ART
  - f. Utvikle kvalitetsportalen
  - g. «Felles løft for tidleg innsats» - regional satsing
  - h. Vidareføre matematikksatsing
  - i. Vidareføre «Korps i skulen»
- c) Gol ungdomsskule:
- a. Innføre valfag på 8. trinn
  - b. Fortsette IKT-satsinga i samsvar med Kunnskapsløftet-06
  - c. Halde fram tilbode om leksehjelp
  - d. Halde fram med midttimen og fysisk aktivitet kvar dag
  - e. Utføre naudsynt vedlikehald – følgje opp rapport frå Arbeidstilsynet i samarbeid med GBKF
  - f. Utvikle kvalitetsportalen
- d) Læringscenteret Gol vaksenopplæringa
- a. Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet om norskopplæring og introduksjonsprogram for flyktningar
  - b. Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet om grunnskoleopplæring for vaksne
  - c. Arbeide for å sikre naudsynt kompetanse hos vaksne, norske og innvandrarar, som gjør at dei kan delta i arbeidslivet eller gå vidare på anna utdanning
  - d. Vidareutvikle det formaliserte samarbeidet mellom Læringscenteret Gol vaksenopplæring og Folkeuniversitetet Hallingdal
  - e. Forprosjektere nye lokale for vaksenpedagogisk senter – Hallingmoprojektet

### Barnehage:

31	Gol barnehage
----	---------------

- a) Vidareføre barnehagen Fagerlund som eit mellombels barnehagebygg
- b) «Felles løft for tidleg innsats» - regional satsing
- c) Vedlikehalde bygningsmasse, bytte ut slitte uteleikeapparat, ny avdeling Vesterhuset barnehage
- d) Montere trådløst nettverk for og gje tilsette høve til å utføre før- og etterarbeid samt ta med borna på digitale pedagogiske oppgåver i barnehagen

# Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

## Helse- og omsorg:

32	Helseavdelinga
83	Miljøretta helsevern
36-A	Omsorgsavdelinga – institusjon
36-B	Omsorgsavdelinga – helsehjelp i heimen
36-C	Omsorgsavdelinga – utviklingshemma

### Kommentar:

Det blir føreslege å flytte ein del utgifter frå andre avdelingar, m.a. SLT-koordinator blir flytta til helse. Den er pr. i dag på avdeling 10 – politisk

- a) Personalavdelinga:
  - a. Turnusprogrammet NOTUS skal bli teke i bruk for å spare dobbeltregistrering og betre kontroll med ekstrahjelp og overtid
- b) Omsorgsavdelinga:
  - a. Tilpasse aktivitetsnivå til økonomiske rammar
  - b. Følgje opp sjukefråveret
  - c. Betre saksbehandling og IPLOS – registrering for å få kartlagt det reelle behovet og det reelle tilbodet i kommunen
  - d. Planlegge rehabiliterings-/korttidsavdeling m.a. for å møte krava til samhandlingsreforma
  - e. Kartlegge brukarane innafør tenesteområdet til konsulent for funksjonshemma med føremål å klargjere kva for tenester brukarane får i dag og kva for tenester kommunen kan vente å måtte yte i åra som kjem
  - f. Starte utviklingsarbeid i tenestene til utviklingshemma saman med RO – bistand i høve struktur, fag og økonomi
- c) Helseavdelinga:
  - a. Legeteneste og legevakt:
    - i. Sørge for at alle legar er spesialistar innan allmenntidmedisin
    - ii. Redusere avvik og nestenuhell
  - b. Helsestasjon:
    - i. Rekruttere helsesøster
    - ii. Gjennomføre Sesam, MOT og VIP i skulane
    - iii. Ta i bruk EPDS (kartleggingsverktøy for avdekking av barseldepresjonar)
  - c. Psykisk helse:
    - i. Aktivisere uføretrygda med praktisk bistand
  - d. Friskliv:
    - i. Utdanne aktivitetskontaktar
  - e. Jordmor:
    - i. Avklare organisering av beredskapsteneste og følgjetenesta i samarbeid med Vestre Viken og Hallingdalskommunane
  - f. Fysio- og ergoteraptitenesta:
    - i. Gje fallførebyggjande trening i grupper
    - ii. Legge systematisk til rette for personar med demens (betrer funksjonsnivå og ha eit trygt og sjølvstendig liv)
  - g. Folkehelse:
    - i. Sørge for kompetanse i folkehelsearbeid i alle kommunale planutval

# Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

## Kultur:

35	Kulturavdelinga
----	-----------------

- a) Starte arbeidet med kulturminneplan
- b) Utvide opningstider offentlig bading
- c) Betre kommunens nettsider slik at dei får 6 stjerner i Difi si kvalitetsvurdering av offentlege nettsider

## Sosial:

33	Sosialavdelinga
----	-----------------

### Kommentar:

Vurdere introduksjonsprogrammet overført til Sosialkontoret (NAV)

- a) Redusere forbruk av økonomisk sosialhjelp ved å få fleire brukarar ut i arbeid og aktivitet

## Utbygging-, nærings- og kommunalteknisk::

41	Utbyggingsavdelinga
42	Næringsavdelinga
43	Kommunalteknisk avdeling

- a) Næringsavdelinga skal m.a.:
  - a. Utarbeide felles klimaplan
  - b. Utarbeide skogsbruksplan
  - c. Utarbeide næringsplan
  - d. Utarbeide beitebruksplan
  - e. Utarbeide utsiktsryddeplan.
- b) Utbyggingsavdelinga skal m.a.:
  - a. Rekruttere eigen arealplanleggar
  - b. Sluttbehandle planprogram og reguleringsplan for Hallingmo
  - c. Halde fristar i plansaksbehandlinga og byggesaksbehandlinga
  - d. Utarbeide retningsliner for estetikk
  - e. Auke kompetansen på universell utforming og oppfølging av brot
  - f. Slutføre sak om sjølvkost på plan, byggesak og oppmåling
- c) Kommunalteknisk avdeling skal m.a.:
  - a. Skifte ut hovudledning vatn – Herad –etappe 2 (Eiklid – Hagaskogen)
  - b. Sørge for dublering av hovudledning frå vassverket til høgdebassen Herad
  - c. Skifte ut innløpsrist Golsfjellet RA
  - d. Sørge for betring av kommunale veger og trafikksikringstiltak

## Vertskommune – Gol som vert:

23	IKT Hallingdal (virtuell organisasjon)
81	PPT – og OT Nedre Hallingdal IKS

- a) IKT Hallingdal skal m.a.:
  - a. Innføre demokratimodellen
  - b. Innføre bruk av kvalitetssystemet for prosedyrer og rutinebeskrivelser
  - c. Starte opp nytt intranett og utnytte det nye intranettet til informasjonsflyt